

Lindås Idrettsråd (heretter kalla LIR) set stor pris på samarbeidet med kulturkontoret i fordeling av kulturmiddlar idrett. LIR har ein samla kompetanse og oversikt som me meiner er nyttig for kulturkontoret i arbeidet med fordelinga og det er i tråd med inngått samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og Lindås Idrettsråd.

1. LIR har ingen merknader til fordeling av driftsmidlar idrett

Men me vil kommentera eit par ting, Kultureininga omtalar driftstilskotet slik; *Medlemstala er henta frå Idrettsregistreringa 2013 som laga sjølve har meldt inn pr. januar 2014. Lindås Idrettsråd nyttar same talmateriale ved tildeling av LAM midlar(lokale aktivitets midlar)*

Lindås Idrettsråd har også tidligare tatt opp at denne formuleringa er feil, LAM(lokale aktivitetsmidlar) er tildeling pr. aktivt hovud og gir kun tilskot inntil 19 år. Medlemstal i eit lag vil vera lågare enn aktivitetstalet fordi ein utøvar vil kunna delta i ulike idrettar og blir då talt som ein aktiv i kvar idrett.

Kulturmiddlar derimot er basert på talmateriale frå idrettsregistreringa der medlemstala er basert pr. person, og i tillegg blir det gjeve tilskot pr. medlem over 19 år.

Så praksisen er ulik når det gjeld LIR si fordeling av LAM midlar og Kultureininga si fordeling av kulturmidlane.

Ei anna sak er driftstilskot, som er ei tildeling pr. medlemmer og som i utgangspunktet kan tildelast utan at ein må søkje om desse midlane for dei 16 laga som er tilknytt LIR og Norges Idrettsforbund. Kultureininga har tilgang til all informasjon som ein treng for å gjere ei slik tildeling pr. år, noko som og vil føra til mindre administrativt arbeid og med samarbeids avtalen vil og LIR kvalitetssikra dei tildelingane som føreligg.

2. LIR si handsaming av kulturmiddlar idrett – aktivitet, prosjekt og investering:

LIR har i år fått alle søknader førelagt, noko som gjer at me kan uttala oss meir detaljert pr. søknad om me ynskjer for dette tildelingsåret, LIR har og mottatt ein beskrivelse/vurderinga v/enkeltsøknader utarbeida av Kultureininga.

LIR ser at årets dokumentasjon er meir i tråd med det me har ynskja tidligare år og takkar Kultureininga for at dykk har lytta til våre ynskjer og gjev oss meir tid og informasjon i saka. Samarbeidsavtalen mellom Lindås kommune og LIR er og eit viktig dokument i denne saka. LIR meiner og at ein noko betre spesifisering av kva det kan søkast på vil hjelpe laga og klubben.

LIR stiller spørsmål ved tildelingane av Driftstilskot ikkje medlemmar av Lindås Idrettsråd – kr. 50.000

Spesielt lag med «Nordhordland» som søker midlar i for eksempel Lindås må det leggast medlemstal for dei innbyggjarane som har adresse i Lindås kommune, ikkje berre eit felles tal for alle medlemmer som også kan vera medlemmer utanfor Nordhordland, og som søker kan vise søker dei i fleire kommunar. Her refererer vi til søkeren frå Nordhordland Seilforening.

Søknad Stordalen Vel, LIR har betenkligheit med at ei Vel foreining kan søkja om idrettsmidlar, fordi ein snakkar om ein ikkje idrettslig organisasjon. Blant anna får ikkje våre medlemmer tilskot til løypekjøring i eige kommune.

Aktivitets- og prosjektstøtte

LIR stiller seg spørsmål med søknaden til FILAKS77 som inngår som ein del av Knarvik mila sitt prosjekt og omhandlar NM i halvmarathon.

Bruk av musikantar og korps kan me ikkje sjå som ein idrettsrelatert søknad og bør difor flyttast over til søknader om generelle kulturmiddlar.

Investering

Ber Kultureininga ikkje avslå søknader der eit lag søker om hjelp til rehabilitering av anlegg som har store kostnader for det enkelte lag og søknad sum kan bli høg frå dei enkelte laga fordi dette er reelle kostnader.

Laga søker om tilskot fordi ein treng det, så alle tilslag uavhengig av størrelse vil vera med å gje tiltaket ein mogelegheit i form av denne mefinansiering. Denne søknaden gjeld Lindås IL.

Om potten til investering på ca. kr. 30 000,- står i forhold til dagens kostnader bør ein og sjå på, dette beløpet har liten eller ingen hensikt slik søknadene viser er det knapt 10% av reelt behov blant våre lag og om ein vert tildelt middlar så må prosjekta gå over fleire år, kanskje tiår.

Om nokon av prosjekta har mogelegheit for spelemidlar er uvist, men det er ikkje sikkert at laga har mogelegheit for restfinansieringa då det pr. i dag ikkje ligg noko slike beløp tilgjengelig i form av kommunal eigenandel for prosjekter og i dei tilfella der spelemidlar har vore nytta har laga sjølve måttå ta opp lån for å finansiera dette beløpet i tillegg til stor dugnadsinnsats og eigenandeler. Gjer merksam på at Lindås kommune har låg andel spelemiddelsøknadar, så det kan vere grunnlag for å sjå nærare på ein koordinering av midlane.

a). Aktivitets- og prosjektstøtte – kontroll og oppfølging:

Ein god del av prosjekta som får tilskot, får ein lav sum i høve totalkostnadane. I tilfelle der ein ikkje klarer å få gjennomført/fullfinansiert prosjekta innanfor tidsramma, bør det vere ein rapport til kulturkontoret på eitt eller anna vis. Då vil ein sikre at mottakar set av summen til neste år, og har anledning til å sökje om meir tilskot for å få realisert prosjektet. Utan ein kontroll og oppfølging kan det kanskje bli at midlane i praksis ender opp som ”driftstilskot.” Det er viktig at kulturkontoret veg administrativt meir arbeid opp mot kva ein ønskjer å oppnå av kontroll på bruk av midlane.

b). Aktivitets- og prosjektstøtte – prosjekt eller fast aktivitet i laget?

LIR registrerer at nokre prosjektsøknadar går igjen år etter år. På eitt tidspunkt bør det vere dialog med desse søkerane med debatt på kva som er prosjekt og kva som reknast som fast aktivitet i klubben eller laget. Det er ikkje lett å skilje store årlege arrangement som prosjekt eller fast

aktivitet. LIR stiller seg til disposisjon for denne debatten avdi det er mange søkerar som er medlem i LIR.

c). Investering

Same kommentar som for aktivitets- og prosjektstøtte angåande kontroll og oppfølging.

LIR har forståing for at ting tar tid og at fleire prosessar skal koordinerast for å kome i hamn med eit ganske komplisert system – som fordeling av kulturmiddlar er. Ein rår ikkje med alle variablar, men LIR har ein god føling med at kulturmiddelprosessen er ein prosess på riktig veg. LIR takker igjen for å få vere del i prosessen og håpar at me også kan vera med og eventuelt vidareutvikla elektroniske søkerader.

Med Hilsen

For Lindås Idrettsråd

v/ Leiar John Helge Walderhaug (sign)

E-post: lindasil.leiar@gmail.com